



## Kommunane i Møre og Romsdal

### **Invitasjon til å delta i kompetanseprogram for auka bruk av tre i Møre og Romsdal**

Tre har lange tradisjonar som bygningsmateriale. I moderne tid har likevel større bygg oftast blitt bygd i stål og betong. Mellom 30 og 40% av alle klimagassutslepp heng saman med bygg og oppføring av bygg. Dette kan reduserast med konkrete krav til materialbruk i byggeprosessen. I dei siste åra har tre blitt nytta i fleire større bygg med god erfaring, som til dømes ved Romsdalsmuseet og Romsdal VGS. Endringa skuldast mellom anna nye produkt som trebaserte byggelement, konstruksjonar i limtre og massivtre, samt at byggeforskrifta har opna for bruk av tre i større bygg og i fleire etasjar. Likevel er ofte avgrensa kompetanse ei barriere for bruk av tre i større bygg som skuler, administrasjonsbygg, høghus og sjukeheimar. Varierande kompetanse om trevirkets eigenskapar i når det gjeld til brann, lyd, fukt og kostnader gjer at tre ofte ikkje vert vald av mange byggherrar. Gjennom kompetanseprogrammet vil vi synleggjere eit stort spekter av mogelegheiter for bruk av tre som byggemateriale. Vi vil diskutere økonomiske, tekniske og miljømessige konsekvensar av å nytte trebaserte løysingar, og dermed auke evna til å etterspørje meir tre i offentlege byggeprosjekt.

Det er fleire grunnar til at fylkesmannen, fylkeskommunen og Innovasjon Norge samarbeider tett med Nasjonalt program for leverandørutvikling (NHO, KS og Difi) for å støtte kommunane i Møre og Romsdal i å auke bruken av tre i offentlege bygg. Støtta vert gitt gjennom prosjektet Kompetanseprogram for auka bruk av tre.

Offentlege byggherrar har høve til å vere pådrivarar, stille krav og leggje insentiv i kontraktane for å nå viktige samfunns mål. Gjennom Leverandørutviklingsprogrammet og Kompetanseprogram for auka bruk av tre vil vi at denne krafta skal brukast målretta for å nå nasjonale og regionale mål om reduksjon av klimagassutslepp, auke karbonbinding og samtidig stimulere til innovasjon og lokal næringsutvikling. Dette vil vi oppnå blant anna gjennom auka bruk av tre når det skal oppførast nye offentlege bygg. Kort fortalt fordi:

- Tre som veks tek opp og bind CO<sub>2</sub> frå lufta. Tre i bygg bind karbonet frå CO<sub>2</sub> så lenge bygget står. Karbon i tre er klimanøytralt fordi det inngår i eit kretsløp. Difor har vi ein stor klimagevinst ved å bruke tre framfor stål og betong, som er svært energikrevjande å framstille og transportere.
- Tre som byggjematerial har eit stort bruksområde, lang levetid og kan resirkulerast/gjenbrukas. Ved å formulere krav til at det skal nyttast tre i nye bygg, stimulerer ein byggherrar til auka innovasjon og nytting av ny teknologi.
- Det vert produsert store mengder tømmer i vårt fylke. I dag vert brorparten av tømmeret eksportert ut av fylket og ut av landet. Med auka bruk av tre i offentlege bygg vil dette verke positivt inn på tømmermarknaden og vil kunne stimulere lokal treforedlingsindustri.
- Innovative anskaffingar ved offentlege innkjøp kan bidra til innovasjon/utvikling av nye løysingar og produkt som realiserer det grønne skiftet. Byggenæringa er ei av landets største næringar og omfattar våre største nasjonale investeringar. Det er viktig å gi disse

investeringane ei retning som bidrar til ei meir berekraftig utvikling og overgang til lågutsleppssamfunnet.

Kompetanseprogrammet er oppretta for å støtte kommunar som planlegg nye byggeprosjekt og som vil ha fokus på berekraftige bygg for å redusere klimagassutslepp. Programmet har mellom anna planlagt samlingar med fagdagar og studietur. Det er gratis for kommunane å delta. Målgruppa for samlingane er prosjektleiarar for byggeprosjekt, leiarar for utbyggingsavdelinga, rådmenn og politikarar, andre administrative representantar som er involverte i vedtaks-, innkjøps- og investeringsprosessar i kommunane. Det blir etablert eit regionalt byggnettverk for berekraftige bygg med dei kommunane som blir med i programmet. Innhaldet i programmet gir auka kunnskap om tre som byggematerial og berekraftige bygg, det skal støtte etablering av god praksis av innovative anskaffingar i kommunane. Nettverket vil gi rom for erfaringsutveksling mellom kommunane kring auka bruk av tre i offentlege bygg. Følgande samlingar planleggast. Dato for samling , 3 og 4 er med atterhald om endringar.

Samling 1	Fleir og meir berekraftige bygg i Møre og Romsdal. Se eget program. Påmelding seinast 10.08.2017	31. aug. 17
Samling 2	Studietur til trebyen Trondheim	To dagar i okt/nov. 17
Samling 3	Seminar om Innovative anskaffingar	ca jan. 18
Samling 4	Leverandørkonferanse for offentlege bygg	ca mars. 8

Som eit tillegg til nettverksbygging gjennom kompetanseprogrammet som er ope for alle kommunane, har vi sett av kr 400 000 som inntil ti kommunar kan søkje på. Desse midlane vert gitt som økonomisk støtte for å trekke inn spesialistkompetanse innan bruk av tre, for rådgiving under kommunane sin anskaffingsprosess. Spesialistane skal ha erfaring frå byggeprosjekt som til dømes planlegging av kulturhus, bibliotek, skuler, infrastruktur, næringsbygg, svømmehalla, ulike typar helse- og omsorgsbygg. Det vert gitt nærare informasjon om søknadsprosessen på den fyste samlinga.

Med helsing

Frank Madsøy  
Landbruksdirektør

Christina Qvam Heggertveit

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

Adresseliste

- 1 Invitasjon Vedlegg
- 2 Program samling 1